

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Svein Helge Hofslundsengen	FE - 001	14/747

Saknr	Utval	Type	Dato
095/2016	Kommunestyret	PS	13.12.2016

Div. forhold mellom Masfjorden kyrkjelege fellesråd og Masfjorden kommune

Vedlegg:

Journalposttittel	Dato
Vedtak i sak MKF 40 16	03.12.2016
Vedtak om festeavgifter	05.12.2016
Brev frå Bjørvin bispedømeråd om presteressursar	03.12.2016
delfiansiering av prestestillingar 1	05.12.2016
Finansiering av frivillig sentralen	06.12.2016
Om overgangen fra statlig til kommunalt ansvar for tilskudd til frivilligsentralen(2)	06.12.2016
Inspirasjonsmøte KS, ordførarar og styrer	06.12.2016

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Masfjorden kommune støttar MKF sitt vedtak (MKF sak 40/16) kring delfinansiering av prestestilling, og kommunen tek sin del med kr. 80.000, og med MKF sin del, går Masfjorden samla inn med kr. 140.000 som delfinansiering av prestestilling og dermed i samsvar med forslaget til Bjørgvin bispedømeråd.
2. Masfjorden kommune godkjenner vedtaket frå Masfjorden kyrkjelege fellesråd av 17.november 2016 (MKF sak 43/16) om justerte festeavgifter frå 1.1.2017
3. Masfjorden kommune løyver kr. 65.000 i 2017 til vidareføring av frivillighetsentralen
4. Kommunen overtek forvaltning av MKF sine lån

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Det behov for avklaring av div. forhold mellom Masfjorden kyrkjelege fellesråd (MKF) og Masfjorden kommune (MK), som kommunal delfinansiering av prestestilling, godkjenning av auka festeavgifter (vedtak gjort av MKF), endra finansiering av frivillighetsentral og forvaltning av MKF sine lån, kommunal vs. MKF regi

29.11.2016 FORMANNSKAPET

Referatsaker:

1. Visitasforedrag2. Vedtak i sak 40/16 Lokal del-finansiering av prestestillinga

Formannskapet bad om at det vart lagt fram sak om dette i kommunestyremøtet i desember

Høyring

Viser til saksvedlegget og brev frå Bjørgvin bispedømråd av 24.06.16 med flg. forslag som dei ønskjer ei tilbakemelding og avklaring i forhold til.

Bjørgvin bispedømeråd vil difor ønske å sjå på moglege samarbeid for å sikre samla ressurs på ein prest i kvar kommune. Dette krev at ein kan finne fram til samla finansiering på 50 prosent ekstra ressurs. I perioden 2017-2020 vil bispedømet bidra ekstra ut ifrå at dette vil vere eit pilotprosjekt. Dette vil då vere frå tilskot under diakonale midlar.

Totalkostnad på ei prestestilling vil vi estimere til kroner 800.000, då inkludert tilleggsløn, arbeidsgjevaravgift, pensjon med meir og snitt i ansiennitet. Reise er ikkje med, det dekkjer bispedømet til det som ligg til dei handlingar lokal prest normalt har. Andre reisekostnader som ligg utanfor dette vil ein måtte avklare lokalt. Kontorplass er ikkje med, det er allereie dekt av fellestråda.

Det betyr at Bjørgvin bispedømeråd dekker kroner 50.000 i diakonale midlar. Dei resterande 350.000 vil vi tenkje vert dekt lokalt. Vårt forslag vil vere at Solund dekker 1/5, Gulen 2/5 og Masfjorden 2/5. Kronebeløpet per 2016 vil då vere:

Solund: 70.000

Gulen: 140.000

Masfjorden: 140.000

Det vil verte årleg justering på pris og lønsvestk ut frå dette kronebeløpet.

Bjørgvin bispedømeråd foreslår ei prøveordning fram til 31.12.2020.

Uttale

Masfjorden kyrkjelege fellestråd har gjort følgjande vedtak/innstilling i høve til delfinansiering av prestestilling;

MKF vedtak sak 40/16:

Fellestrådet støttar bispedømet sitt forslag om å gje lønstilskot i lag med Gulen og Solund slik at vi kan få tilbake ein prest i kvar av desse kommunane. Fellestrådet støttar forslaga til kyrkjeverje med omsyn til finansiering. Fellestrådet støttar i utgangspunktet bispedømet sitt fordelingsforslag som går ut på at fellestråda i Gulen og Masfjorden løyver kr 140 000,00 kvar og Solund kroner 70 000,00. Dette i solidaritet med Solund fellestråd. MKF godkjenner vidare at i budsjettet for 2017 under teneste 12000 kyrkjer, har kyrkjeverje lagt inn ein auke i inntektene frå kommunen under konto 18300 med kroner 41 903,00. For åra etter 2017 vil fellestrådet be om at kommunen vil bidra med eit årleg tilskot på kroner 80 000,00 og at dei

resterande kr 60 000,00 vert dekkja inn ved andre inntekter, mellom anna festeavgifter, bladpengar, offer i kyrkjene, fast gjevarteneste, enøk m.m.

Fellesrådet går vidare inn for at midlar som vil verta sett av til delfinansiering av ei halv prestestilling i budsjettet for 2017, vert knytt til fylgjande føresetnader :

- Fast oppmøteplass for den nye soknepresten vert Masfjordnes.
- Innan utlysinga går ut, skal prosten i samarbeid med fellesråda gjennomgå organisering og oppgåvefordeling for prestane i Gulen, Masfjorden og Solund.
- I løpet av året 2017 skal det gjerast avtalar mellom kommunane om fordeling av lønskostnadane for resten av prosjektperioden. Eventuelle skeivfordelingar i 2017 vert kompensert for i 2018.
- Dersom det ikkje vert tilsett nokon i stillinga, skal unyttta lønsmidlar gå til trusopplæringsarbeidet i Masfjorden.
- Dersom det er klårt at ein ikkje får tilsett nokon i den nye stillinga, skal organiseringa av arbeidet for prestane i Gulen, Masfjorden og Solund evaluerast og eventueltjusterast innan utgangen av 2017. Ein skal då leggje til grunn at kommunane beheld dei presteressursane dei i dag har.
- I løpet av prosjektperioden må ordninga evaluerast med tanke på eventuelt framhald etter 31.12.2020

Masfjorden kyrkjelege fellesråd har gjort følgjande vedtak/innstilling i høve til auke av festeavgifter gravplassar

MKF vedtak sak 43/16:

Festeprisane vert auka etter det framlagte forslaget frå kyrkjeverje. Dei nye satsane vert som fylgjer:
1. Festeavgift pr. år for enkeltgrav når fredingstida er ute, (30-60 år) kr 200,00
2. Festeavgift pr. år for enkeltgrav eldre enn 60 år. kr 320,00
3. Festeavgift pr. år for særskilt gravstad på Frøyset, (9 graver) kr 1 600,00

Eingongssum for kistegrav for utanbygds kiste: kr 9 000,00.

Eingongssum for urnegrav for utanbygds urne: kr 3 000,00

For utanbygds kistegrav eller urnegrav vert det krevd festeavgift frå den dagen kista eller urna vert sett ned.

Fakta

For bakgrunn for at kommunen vurderer delfinansiering av prestestilling viser ein til sakstifang frå bispedømmerådet, prost og MKF. Det har over ei tid vore dialog om forholdet.

Justering av takstar for festeavgift gravplassar vart sist revidert og vedtatt av Kommunestyret 10.12.2015, sak 114/2015. Etter lov av 7.juni 1996 – lov om gravplassar, kremasjon og gravferd (gravferdslova § 21), skal festeavgiftene fastsetjast av kommunen etter forslag frå fellesrådet.

Frå og med 2017 er det endra finansiering av frivilligheitsentral, frå at MKF årleg må søkje staten om

tilskot til at kommunen får midlane som frie inntekter, og kan bruke desse til frivilligheitsentral eller andre prioriterte tiltak – midlane er ikkje øymerkt. Litt info saksa frå statsbudsjettet 2017, grønt hefte (innhaldet i inntektssystemet)

Kolonne 9 – Tilskot til frivilligsentraler

Regjeringa foreslår å innlemme tilskot til frivilligsentraler i rammetilskotet til kommunane i 2017, og 131 mill. kroner blir foreslått flyttet frå kap. 315, post 71 Tilskudd til frivilligsentraler til rammetilskotet i 2017. I tillegg til beløpet som blir innlemma vil ytterlegare 20 mill. kroner bli fordelt til dette formålet i 2017. Totalt 151 mill. kroner blir fordelt med særskilt fordeling i 2017 til frivilligsentraler i 2017. Fordeling tar utgangspunkt i fordelinga av det øymerkte tilskotet i 2016.

Masfjorden kommune er tildelt kr. 117.000 i forslaget til statsbudsjett for 2017.

Vidare viser ein til info skriv statsbudsjettet 2017 frå Fylkesmannen i Hordaland;

Frivilligsentralar

Ansvar for tilskot til frivilligsentralar skal frå 01.01.2017 bli overført til kommunane. Regjeringa gjer framlegg om at tilskot til føremålet blir innlemma i kommunane sitt rammetilskot.

Det øymerka tilskotet frå Kulturdepartementet var i 2016 kr. 127,8 mill., som prisjustert til 2017 blir kr. 131 mill. Dette tilskotet blir i 2017 innlemma i rammetilskotet. I tillegg er det framlegg om å auka løyvinga med kr. 20 mill., slik at samla ramme til fordeling i rammetilskotet blir kr. 151 mill.

Det blir lagt opp til at tilskot blir fordelt særskilt innafør rammetilskotet i ein overgangsperiode på fire år. Fordelinga av tilskot for 2017 vil byggje på Kulturdepartementet si fordeling av det øymerka tilskotet i 2016.

Vurdering

Det er uheldig at deler av bispeområdet skal gå inn med delfinansiering for å opprettehalde prestetenesta, og skulle gjerne sett at ei anna og meir rettferdig finansieringsordning hadde komme på plass. Dette er ei prøveordning som MKF etter kvart har slutta seg til, og legg vekt på denne innstillinga. Sett i forhold til midlar tilført kommunane knytt til frivilligheitsentral frå og med 2017, og at MKF legg opp til litt eigenfinansiering – kan ein klare å tilpasse kommunal medfinansiering med sikte på å tilby best moglege tenester ut i frå knappe rammer til innbyggjarane i kommunen

Tilråd at MKF vedtak i sak 43/16 – festavgift gravplassar vert vedtekne

Masfjorden kommune får tilført ca. kr. 65.000 årleg i statleg tilskot til frivilligheitsentralen. Omlegging av at desse midlane vert tilført kommunen som frie inntekter, og at ein nyttar desse midlane til frivilligheitsentral og delfinansiering av prestestilling vurderer ein til å vere innafør føremålet med løyvinga.

Ei anna delfinansieringsordning er at kommunen tek tilbake forvaltning av lån til investeringsføremål kyrkja, og oppnår langt betre rentevilkår. Noverande ordning inneber at kommunen refunderer fullt

ut for rente- og avdrag for dei låna MKF har.

Konklusjon

Masfjorden kommune støttar MKF sitt vedtak/tilråding I MKF sak 40/16 kring delfinansiering av prestestilling, og kommunen tek sin del med kr. 80.000 (og MKF resten – kr. 60.000), og desse midlane vert knytt til deler av løyving/frie inntekter til frivilligheitsentral som del av inntektssystemet 2017, og at kommunen overtek forvaltning av MKF innlån

Masfjorden kommune godkjenner nye satsar for festeavgifter gravplassar, med basis I MKF sak 43/16

Masfjorden kommune løyver kr. 65.000 i 2017 til vidareføring av frivilligheitsentral (etter omlegging frå statleg støtteordning til at midlane no vert del av inntektssystemet til kommunane)

Kommunen overtek forvaltning av MKF sine innlån – sikrar betre/lågare rente, og midre i overføring/refusjon til MKF (men dette vil og gå utover kommunen si låneramme for kommunale investeringar)

Kommunestyret - 095/2016

KS - behandling:

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Bjørn Egil Nordland (Ap) sette fram følgjande tilleggsframlegg :

Björgvin bispedømmeråd vert oppmoda om å få på plass ei framtidig og permanent ordning for prestetenesta i Masfjorden, Gulen og Solund. Prosjektperioden skal evaluerast etter 2 år med mål om at betre organisering av ressursar er på plass og at prosjektet kan avsluttast.

Røysting:

Det vart først røysta over tilleggsframlegget frå Ap. Tilleggsframlegget fall mot 2 røyster (Bjørn Egil Nordland og Torill Torsvik Størkersen).

Det vart så røysta over framlegget frå rådmannen. Dette vart vedteke mot 1 (Bjørn Egil Nordland) røyst.

KS - vedtak:

1. **Masfjorden kommune støttar MKF sitt vedtak (MKF sak 40/16) kring delfinansiering av prestestilling, og kommunen tek sin del med kr. 80.000, og med MKF sin del, går Masfjorden samla inn med kr. 140.000 som delfinansiering av prestestilling og dermed i samsvar med forslaget til Björgvin bispedømmeråd.**
2. **Masfjorden kommune godkjenner vedtaket frå Masfjorden kyrkjelege fellesråd av**

17.november 2016 (MKF sak 43/16) om justerte festeavgifter frå 1.1.2017

- 3. Masfjorden kommune løyver kr. 65.000 i 2017 til vidareføring av frivilligheitsentralen**
- 4. Kommunen overtek forvaltning av MKF sine lån**